



Informasjon til deg som søker om produksjonstilskot i jordbruket ved søknadsomgangen august 2013

Rettleiingsheftet og sjekklista for miljøomsyn ved jordbruksdrift finst berre i digital utgåve
"Rettleiingsheftet for produksjonstilskot i jordbruket og tilskot til avløyning ved ferie og fritid" (SLF-005) og "Sjekkliste for miljøomsyn ved jordbruksdrift" (SLF-464) for 2013 og 2014 blir ikkje lenger produsert i papirutgåve. Du finn rettleiingsheftet og sjekklista i elektronisk versjon på Statens landbruksforvaltning (SLF) si nettside www.slf.dep.no. Frå og med januar 2013 var det slutt på at søknadsskjema for produksjonstilskot vart sendt i posten.

Lever tilskotssøknaden din elektronisk

Du vil oppleve ei rekke fordelar med å levere søknaden din frå Internett:

- Elektroniske søknader er på førehand fylt ut med grunnopplysningar og du kan sjå søknadsdata frå førre søknadsomgang.
- Søknadsdataa blir lettare riktig fordi mange av opplysningane blir kontrollerte før levering.
- Færre papirsøknader og betre datakvalitet effektiviserer arbeidet til forvaltninga.
- Ein søknad utan feil aukar sjansane for at tilskotet blir utbetalt ved hovudutbetalinga, og ikkje seinare.

Du kan bruke BankID til innlogging

Du må bruke BankID, MinID eller Buypass for å logge deg inn til søknaden din via Altinn. Det vil ikkje lenger vere mogeleg å bruke eingongskode frå Altinnbrev. Du finn meir informasjon om dei ulike innloggingsmetodane på nettsida til Difi: www.difi.no/elektronisk-id

Tenesta for delegering av roller og rettar i Altinn er endra.

SLFs tenester i Altinn (blant anna søknad om produksjonstilskot) er flytta over på ny teknisk plattform (Altinn 2). Delegering av roller og rettar er annleis i den nye Altinntenesta.

Kva betyr det for deg som skal søke?

- Er du innehavar av føretaket og skal levere den elektroniske søknaden sjølv, har ikkje endringa nokon innverknad.
- Ved søknadsomgangen i august 2013 vil personar som har fått delegert rollene "Utfyllar/Innsendar" eller "Primærnæring og næringsmidler" i Altinn, ha tilgang til å logge inn og sende søknad om produksjonstilskot. Det vil seie at personar som tidligare har fått delegert ei rolle i Altinn til å levere søknad om produksjonstilskot på vegne av andre, framleis har denne delegeringa ved søknadsomgangen i august 2013.
- Dei som har delegert ei rolle i Altinn 1 til andre, for eksempel rekneskapsførar, må delegere på nytt før 1. desember 2013 på grunn av overgang til Altinn 2. Frå 1. desember 2013 gjeld ikkje lenger delegeringane i Altinn 1.

Ein kan enten delegere rolla som "Primærnæring og næringsmidler", eller berre delegere tilgang til ei teneste, for eksempel søknad om produksjonstilskot.

Dei som allereie har delegert rolle i Altinn 2 til andre, treng ikkje gjere det på nytt.

Nytt søknadssystem for regionale miljøtilskot

Dersom du også skal søke om regionalt miljøtilskot i 2013, vil dette skje gjennom ei ny søknadsteneste som vert tilgjengeleg via Altinn. For enkelte av tilskotsordningane kan det vere endringar samanlikna med tidlegare år. Fylkesmannen vil gje informasjon om kva for tiltak du kan søke på i 2013 og korleis du søker elektronisk. Vi oppfordrar deg til å følge med på informasjonen som kjem frå Fylkesmannen.

Samdrifter: Hugs å registrere eigardel i samdrift

SLF minner om at alle som deltek med kvote i samdrift skal ha eigardelar i samdriftsføretaket. Dette følgjer av reglane for å få samdriftskvot, og er ikkje noko nytt krav. Eigardelane skal være registrerte i Einingsregisteret i Brønnøysund.

Dykk må sjølv syte for at alle som deltek med kvote i samdrifta er registrert med eigardel i samdriftsføretaket i Einingsregisteret. Vi har oppdaga at dette ikkje er tilfelle hos alle samdriftsføretak, og nyttar derfor høve til å minne om regelen her.

Fristen for å registrere eigardelane i Einingsregisteret i Brønnøysund er sett til 1. september.

SLF vil i ettertid kontrollere eigardelar. Manglande eigardel er brot på kvoteregulverket og føresetnaden for å få berekna samdriftskvot. Kvoten til deltakarane som ikkje har registrerte eigardelar kan ikkje reknast som del av samdrifta sin kvot. Ved slike brot på kvoteregulverket kan det verte svara overproduksjonsavgift lik storleiken på den ”manglande” kvoten. Om registrering manglar kan det også få konsekvensar for utbetaling av tilskot til samdrifta.

Lokalforedlingskvot mjølk: Dokumentasjon ved søknad om produksjonstilskot

Føretak som har lokalforedlingskvot er pliktige til å rapportere inn seld mengde mjølkeprodukt til SLF som grunnlag for berekning av tilskot og avgifter. Dei innrapporterte mengdene blir også brukte ved saksbehandling av søknad om produksjonstilskot til mjølkeku eller -geit. Har du ikkje rapportert inn seld mengde mjølkeprodukt til SLF, kan det resultere i at du ikkje har rett på husdyrtilskot for mjølkeku eller mjølkegeit og driftstilskot mjølkeproduksjon.

Har du spørsmål?

Sjå i rettleiingsheftet som du finn på www.slf.dep.no eller kontakt kommunen din dersom du har spørsmål om produksjonstilskot.

All informasjon om søknadsomgangen er som før å finne på SLF si nettside www.slf.dep.no. Her finn du blant anna: Rettleiingshefte for søknad om produksjonstilskot i jordbruket og tilskot til avløyning ved ferie og fritid, aktuelle forskrifter og rundskriv, rettleiingsfilmar, samt brukarhjelp til elektronisk søknad.